

RAPPORT HORDALAND FYLKESKOMMUNE

TILTAK / ARRANGEMENT	Juniorsamling
TIDSPUNKT	30. oktober-01 november 2015
TAL DELTAKARAR BORN / VAKSNE	22 barn og unge, 8-10 foreldre, instruktører og organisatorar
SKILDRING AV TILTAK / ARRANGEMENT Juniorsamling for barn og unge har etter kvart vorte ei årleg tilskiping. Samlingar er eit kurs, der deltakarane i tillegg til å lære nye slåttar, samspel og teknikk – også får eit sosialt miljø å høyre til i. Dette meiner me at er svært viktig for rekrutteringa og folkemusikkmiljøet i Hordaland. Deltakarane vart delt inn i grupper, etter nivå og alder. Kvar gruppe hadde ein instruktør, som laga eit opplegg tilpassa den særskilde gruppa. Storleiken på gruppene, og tal på grupper varierte etter kor mange som er på ulike nivå. Kveldane går med til sosialt samvær, leik og moro, samt felles speling. Deltakarane overnattar og får alle måltida på skulen, der samlinga går føre seg. Juniorsamlinga 2015, vart skipa til på Haus skule 30. oktober -01. november 2015. Det var 22 påmelde i år. Det er svært gledeleg at det er stor interesse for å delta på samlinga og at det i tillegg til å vera dei ”faste deltakarane” også er mange heilt ferske, unge felespelarar med.. Me fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarar og foreldre. Noko som gjev tru på at dei vil vere med fleire gongar, og halde fram med folkemusikk. Etter ei lang og intensiv kurshelg, med både fagleg og sosialt innhald, mykje mat og lite søvn, vart det klart for foreldrekonserten. Alle gruppene spelte noko av det nye stoffet dei hadde lært i helga, samt to fellesslåttar, og stolte foreldre såg ut til å vere fornøgde med resultatet. Lærarar på kurset var: Silje M. Vevle, Maria S. Toppe, Halgrim Skjerdal, Arve Berg og Monika Antun. Håpar på rask utbetaling av midlane.	
ØKONOMISK OVERSYN Inntekter: Deltakaravgift: 6.050,00 Stønad frå Hfl 10.000,00 Stønad Rff 10.000,00 Stønad Hfk 14.000,00	

RAPPORT HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Til saman:	40.050,00
Utgifter:	
Mat:	5.293,27
Instruktørar og reise	27.972,00
Husleige	1.500,00
Til saman:	34.765,27
Ballanse:	
Inntekter	40.050,00
Utgifter	34.765,27
Overskot	5.284,73
Arrangørlag: Nordhordland spel- og dansarlag og Osterøy spel- og dansarlag	Bankkonto: 3632.50.67319
DATO: 16.12.15	UNDERSKRIFT Gro Vetås